


Detaljregulering Nesjane næringsområde





Planforslag i 2021



Nye innspel i frå næringsaktørane

Brødrene Aa:

Eablering av ny hall og ny kai i vestleg del av området

Ramsdal Maskin:

etablere skjermingsvoll mot nordaust

Biogassanlegg:

innanfor område avsett til industri

Kvifor biogassanlegg?

Fornybar energikjelde

- Biogass er ein fornybar energikilde som kan erstatte fossil energi, og nyttast til oppvarming, strømproduksjon og drivstoff.

Reduksjon i klimagassutslepp

- Råstoffet til biogass kjem frå biologisk materiale, CO₂-utsleppa frå forbrenninga inngår såleis i det naturlege karbonkretsløpet, i motsetnad til fossile drivstoff som tilfører atmosfæren «ny» CO₂.
- For kvar liter diesel som blir erstatta med biogass, blir CO₂-utsleppet redusert med om lag 2,7 kg.
- Biogass er ein viktig del av landet sin strategi for å oppnå berekraftig utvikling og klimagassreduksjon, for å nå klimamålene i tråd med Parisavtalen

Bruk av avfall


- Biogass tar i bruk avfallet og gjør det om til ressurs.

Landbruk

- Det overordna nasjonale målet i Norge er at 30 prosent av all husdyrgjødsel skal leverast til biogassanlegg.
- Ved produksjon av biogass står det att eit næringsrikt restprodukt etter at gassen er utvunnen. Den flytande delen av dette kan nyttast som gjødsel. Gjenbruk av desse næringsstoffa reduserer behovet for kunstgjødsel (som er energikrevjande å produsere og medfører store CO₂-utslepp).

Lokal verdiskaping og arbeidsplassar

- Eit biogassanlegg kan bidra til lokal verdiskaping og sysselsetjing. Talet på arbeidsplassar vil vere avhengig av storleiken på anlegget.



Biogassanlegg


Anlegget vil kunne bidra til lokal og regional handtering av organisk avfall, og redusere behovet for transport til behandlingsanlegg lenger unna.

Eit anlegg på Nesjane vil kunne stå for mottak og behandling av matavfall og avlaupsslam frå kommunen, næringsavfall frå fiskeindustri, fiskeensilasje, og husdyrgjødsel frå nærområde som Nordalsfjorden, Hyen, Eikefjord, Naustdal, Stavang.

Dei næraste tilsvarande anlegga ligg i Bergensområdet og aust for Molde.



-  Reduksjon av klimagassutslipp
-  Gjør avfall om til energi
-  Hjelper landbruket
-  Kan erstatte fossil energi
-  Gir lokal verdiskaping og arbeidsplasser




Biogassanlegg

Biogassanlegg vil vere underlagt storulykkeforskrifta → søkast samtykke frå DSB for etablering (§17 i forskrift om farlege stoff)


Samtykkesøknad vert handsama i to trinn;

- I. Søknad om samtykke til bygging av anlegget
- II. Søknad om samtykke til idriftsetting.

I samband med dette må det utarbeidast ei kvantitativ risikoanalyse (QRA) for å kartlegge berekne og dokumentere risikoen for storulykke ved etablering av eit slikt anlegg.



Akseptkriterier frå DSB



Omsynssoner	Omsynssonene for farleg stoff-anlegg går ut:	Omsynssonene for eksplosivanlegg går ut:	Føreseigner for omsynssonene (Objekt og aktivitetar akseptert innafør sona)
Indre sone	Til risikokontur 10^{-5}	Til sikkerheitsavstand etter tabellverdiar	Dette er i utgangspunktet verksemda sitt eige område. I tillegg kan til dømes LNF-område inngå i den indre sona. For tredjepersonar vil det berre vere aktuelt med kortvarig ferdsel gjennom området, til dømes turvegar.
Midtre sone	Til risikokontur 10^{-6}	Til sikkerheitsavstand etter tabellverdiar	Offentleg veg, jernbane, kai og liknande kan ligge i denne sona. Faste arbeidsplassar innan industri- og kontorverksemd kan også vere etablert her. Det skal ikkje vere overnatting eller bustader i denne sona. Spreidd bustadbygging kan akseptertast i enkelte tilfelle.
Ytre sone	Til risikokontur 10^{-7}	Til sikkerheitsavstand etter tabellverdiar	Område som er regulerte til bustadføremål og annan bruk for ålmenta, kan inngå i den ytre sona. Dette kan mellom anna omfatte butikkar og mindre overnattingsstader.
Utanfor ytre sone	Ingen omsynssone utanfor ytre sone	Ingen omsynssone utanfor ytre sone	Skular, barnehagar, sjukeheimar, sjukehus og liknande institusjonar, kjøpesenter, hotell og større publikumsarenaer må plasserast utanfor den ytre sona.

Biogassanlegg


- Mengde transport vil vere avhengig av størrelse på anlegget
- I høve tilsvarende anlegg vil det bli om lag 25-30 lastebilar per dag for å frakte substrat til anlegget.
- ca. 3 lastebilar per dag for transport av flytande biometan (LBG) og flytande bio-CO₂ ut frå anlegget
- Med nær tilgang til sjø kan det bli aktuelt med bunkring til skip ved kaia



Biogassanlegg

Støy

- Med dagens teknologi vil det vere lite støy i høve biogassanlegg
- Må følgje gjeldande retningslinjer
- Vil bli utarbeidd støyvurdering
- I tilsvarande prosjekt er dei viktigaste kjeldene til støy vurdert å vere pumper for omrøring, kjølerar og kompressorar, samt nødfakkel for gass som berre vert nytta unntaksvis + evt. båt til kai.
- I tilsvarande prosjekt er det vist til at lasting og lossing skjer innandørs, og såleis ikkje vil bidra til støy



Eksempel på støyvurdering for anlegg ved Halså

Biogassanlegg


Lukt

- Anlegget skal oppfylle Miljødirektoratet sine krav til lukt ved næraste nabo og til omgjevnadane.
- Det vil bli utført luktvurdering for etablering av anlegget som inkluderer spredningsberegninger for utslipp til luft og luktrisikovurdering.

Avbøtande tiltak ved anlegget:


- Prosessar og aktivitetar som kan medføre lukt vil skje innandørs, og ventilasjonslufta vil verte reinsa
- Mottaksbygget vil ha undertrykk. All luft frå mottaksbygg og prosessanlegg for biogass skal leiast via reinseanlegg for luktreduksjon før utslepp til luft.
- Ventilasjons- og reinseanlegga vil leverast av selskap som er spesialiserte innanfor luktreduksjon.
- Anlegget skal ha kontinuerleg prosessovervaking, alarmsystem, driftsrutinar og prosedyrar for handtering av eventuelle luktutfordringar

Erfaring frå moderne biogassanlegg viser at lukt kan handterast på ein god måte når anlegget er rett dimensjonert, blir drifta forsvarleg og har effektive system for ventilasjon og luktreinsing.



Eksempel på luktanalyse for anlegg ved Halså

Utviding av plangrense og oppdatering av plan



Mot vest:

Planområdet utvidast mot vest for å kunne legge til rette for Brødrene Aa sine planar. Utviding av planområdet vil i hovudsak vere for hamneområde i sjø for å sikre ny arealbruk på land

Endring i arealbruk frå friluftsmål på land til byggeformål vil gi behov for nedbygging av 2 automatisk freda kulturminne

Endring i arealbruk i frå bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, til hamneformål i sjø i tilknytning til kai.



Utviding av plangrense og oppdatering av plan

Mot nordaust:

Endring i arealbruk i nordaust innanfor areal tidlegare foreslått avsett til naturformål. Utviding mot nord skal legge til rette for etablering av skjermingsvoll/vegetasjonsskjerm, samt utviding av landbruksareal til LNF-formål, i samsvar med gitt løyve. Endring av formål vil vere innanfor avsett areal til industri i kommunedelplan.



Utviding av plangrense og oppdatering av plan



Biogassanlegg:

Opne for etablering av biogassanlegg innanfor areal avsett til industri

Naudsynte omsynssoner skal innarbeidast i plankart

Utførast naudsynte utgreiingar og inngå i ROS-analyse

Planprogram



PLANPROGRAM

Detaljregulering for Nesjane gbnr. 52/1 mfl.,
næring
Kinn kommune

PlanID: 20200112

Forslag til offentlig høyring



www.ivistconsult.no

Føremålet med planprogrammet er å:

- gjere greie for føremålet med planarbeidet
- avklare kva tema som skal konsekvensutgreiast
- klargjere kva alternativ som vil bli vurderte, og behovet for utgreiingar
- beskrive den vidare planprosessen med fristar og deltakarar, samt opplegg for medverknad

Konsekvensutgreiing

Naturmangfald

Utviding av planområdet omfattar nedbygging av land- og delar av sjøareal.

Planen sin verknad for natur- og biologisk mangfald på land og i sjø, vert vurdert på bakgrunn av føreliggande registreringar og nye undersøkingar, med vurdering av konsekvens for vassmiljø.

Kulturminne

Det er registrert to automatisk freda kulturminne innanfor planområde. Desse ligg i vestleg del av planområde. Plantiltak vil medføre nedbygging av landareal, som omfattar lokalisering av desse lokalitetane.

Friluftsliv

Utviding av planområde vil påverke areal registrert som tilgjengeleg strandsone og kome innanfor del av området som er regulert til *Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone*.

Planen sin verknad for friluftsliv på land og sjø vert vurdert på bakgrunn av føreliggande registreringar og anna tilgjengeleg informasjon

Landskap

Ved utviding av planområde vil ein kome innanfor område som i kommunedelplan har omsynssone i høve landskap.

Ein vil vurdere kor store endringar tiltaket er antatt å representere for landskapsbildet, nær- og fjernverknad, og strandsone, samt vurdere avbøtande tiltak i høve fylling, bygningsvolum og andre tiltak

Andre utgreiingar og ROS-analyse

- Stormflo og havnivåstigning
- Trafikk
- Verksemdrisiko
- Transport av farleg gods
- Forureining
- Støy
- Lukt



Framdrift





Takk for oss

